

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2021

Knut Inge Andersen (FNB) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er tilsett i Equinor ASA. Andersen gjekk frå under vurderinga om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samråystes at Andersen ikkje var inhabil. Andersen tiltredde saksbehandlinga.

Aleksander Øren Heen (SP) sette på vegner av SP, A, MDG, SV, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1

Ei eventuell utbygging av Dugongfeltet må skje i samsvar med Noreg sine forpliktingar i Parisavtala. Fylkesutvalet syner til Vestland fylke sin utviklingsplan som vektar klima, miljø og verdiskaping høgt, og fylkesutvalet forventar ei handsaming i tråd med regionale målsetjingar.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1

Vestland fylkeskommune har høg merksemd på at utbygginga av Dugong gir verdiskaping innan fylket.»

Avrøysting

Øren Heen sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, FNB, U, FRP).

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 1 fekk ingen røyster og fall.

Andersen sitt forslag fekk 7 røyster og fall (H, FNB, U, FRP).

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 2 og 3 vart vedteke mot 2 røyster (MDG).

Vedtak

1. Ei eventuell utbygging av Dugongfeltet må skje i samsvar med Noreg sine forpliktingar i Parisavtala. Fylkesutvalet syner til Vestland fylke sin utviklingsplan som vektar klima, miljø og verdiskaping høgt, og fylkesutvalet forventar ei handsaming i tråd med regionale målsetjingar.
2. Dugongfunnet ligg som Gjøafeltet i nordleg Nordsjø, som er eit kjerneområde for Neptune Energy. Utbygging og drift av Gjøafeltet har vore heilt sentral for utviklinga til selskapet på norsk sokkel. Ut frå dette viser vi til handsaminga av utbyggingsplanane i 2007, der det ligg klare forventningar om forsyningsbase, helikopterbase, lager, verkstad samt organisasjonsbygging i Florø. Dette er strukturar som utbygging og drift av Dugongfunnet bør dra nytte av.
3. Vestland fylkeskommune viser til aktuelle formuleringar for KU-program i «Veileddning for plan for utbygging og drift av en petroleumsforekomst (PUD) og plan for anlegg og drift av innretninger for utnyttelse av petroleum (PAD)» fra 2018. Der står det at skal leggast til rette for positive lokale og regionale ringverknader og at planlagde drifts- og basetenester skal omtalast. Framlegg til KUprogram for Dugong er vagt på dette punktet. Vi ber difor om at det blir gjort tydeleg greie for planar for forsyningsbase, helikopterbase, lager og verkstad, samt korleis selskapet sin eigen organisasjon i Florø er tenkt nytta. Vi ber om at planane skildrar både utbyggings- og driftsfasen.